

## KAPITTEL 2 – DENNIS

Kan det bli verre? Hemmeleg nisseven? Kva slags barnehage er dette? Dennis sukker høgt. Han vil berre bort frå denne klassen og plassen. Enten er folk bråkete og plagsame, eller stille og skremde. Nokre få skikkeleg smarte. Bjørk er jo litt morosam, og han nye som kom i haust, verkar ganske ok. Men elles? Berre raringar. Det beste er å halde seg for seg sjølv og kome litt for seint kvar dag. Ikkje prate med nokon, så er det ingen som bryr seg med han, heller. Ingen spørsmål om kva som skjer heime hos han. Om han har det bra.

Jo då, det kunne bli verre. Tor hadde fortsett.

– De kjem sjølvsagt til å lure på kven den hemmelege nissevenen er, og de må berre gjette! Vi kjem til å ha ei hyggeleg avslutning der de kan få avsløre kven de har vore hemmeleg ven med. Det blir ei stor avslutning med foreldre og besteforeldre og tanter og onklar om de vil! Vi skal skape gode minne saman!

Dennis hadde fått skikkeleg klump i magen. Det var det siste han ville, ei stor og lukkeleg avslutning for heile familien. Tor kom bort med ei lue full av lappar.

– Æsj, det luktar jo bæs av lappane. Har du ikkje vaska deg i dag? sa han høgt då han trekte. Såg på lappen, gjorde oppkast-ansikt. Nokre få lo.

No vandrar Dennis rundt på kjøpesenteret for å leite etter gåve, utruleg nok. Kjenner dei tilsette ser på han, berre fordi han går i svarte klede og trekker lua langt ned. Føkk dei.

– Kva skal ein kjøpe, liksom? Hårspray? seier nokon bak han. Dennis bråsnur seg. Det er han nye som står der, er ute i same ærend. Liam, var det. Kva bryr han seg for? Dennis vil slenge ut noko, be han pelle seg langt vekk.

– Nei, sei det. For ein idiotisk ide, heile greia. Kven skal du kjøpe gåve til? Det kom ikkje ut slik han hadde tenkt. Men same det.

– Det kan eg jo ikkje seie, seier Liam og ristar på hovudet. Så han tek dette seriøst, altså.

– Eg veit ikkje om eg gidd, seier Dennis.

– Jo, kom igjen. Det er same kva det er. Berre kjøp noko.

Dennis trekker på skuldrene. Går vidare. Då han ser seg rundt, er ikkje Liam der lenger. Same det og.

Til slutt finn han noko som ikkje er dyrt, og som han tenker at ei jente kan like. Ein boks Nugatti. Alle liker vel det?